

ÅRSMØTE I RADØY SAU OG GEIT 2016

Årsmøtet vart halde den 27.januar 2016 kl 20.00. på Smiths møte og selskapslokaler. 20 medlemmer møtte .

Ivar Soltveit ønskte oss velkommen til møtet .Vi hadde på førehand bestemt oss for å starte med årsmøtesakene først og ha foredraget til slutt sidan foredragshaldaren vår hadde problem med å vere på Manger til kl 20.00.

ÅRSMØTESAKER:

1. Ivar Soltveit vart valgt til møteleiar.
2. Saksliste og innkalling vart godkjendt
3. Erna Tunsberg Erstad vart valgt til skrivar.
4. Atle Mariussen og Øyvind Morken vart valgt til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren.
5. Årsmeldinga vart lese opp av Ivar Soltveit og godkjendt av årsmøtet. Gunnar Kartveit kommenterte at det kunne vore greit om vi hadde tatt med kven Nils Inge Hitland var i årsmeldinga, sidan ikkje alle veit at han er leiar i Hordaland sau og geit . Han sa ellers at det var ei årsmelding som viste godt kva aktivitetar vi hadde hatt i laget det siste året . Og at vi hadde hatt ein god del aktivitet i laget.
6. Rekneskapen vart lest opp og gjort greie for av Edgar Grindheim. Denne vart så godkjendt.
7. Handlingsplanen for 2016 vart lese opp av Ivar Soltveit og godkjendt av årsmøtet.
8. Det var ingen innkomne saker til møtet. Men Ivar tok opp ei sak frå styret om ullevering.Det er ønske fra Fatland at leverandørane deiras som før leverte i garasjen til Knut Arve Kartveit heretter leverer i senteret mellom kl 15.00 og 15.30
9. Valg av nytt styre i Radøy sau og geit .Svein Haugen nestleiar i valnemda las opp valnemdas innstilling til nytt styre. Dette gjorde han sidan leiaren i valnemda var forhindra frå å vere tilstades på møtet.
Det kom ikkje andre forslag frå årsmøtet og etter at valget var gjennomført og styret seinare hadde konstituert seg , ser styret no slik ut.

NYTT STYRE

LEIAR ; KÅRE HOLE (valgt for 1 år)
NESTLEIAR ; ARILD VALDERSNES (1 år igjen)
SKRIVAR ; ERNA TUNSBERG ERSTAD (valgt for 2 år)
KASSERAR ; EDGAR GRINHEIM (1 år igjen)
STYREMEDLEM ; ATLE MARIUSSEN (valgt for 2 år)
(Atle er ny i styret for Lone Møller som no går ut)

1.vara; ØYVIND MORKEN (valgt for 1 år)
2.vara; THOMAS RISNES (valgt for 1 år)
3.vara; THORE JOHNSEN (valgt for 1 år)

REVISORAR; KRISTEN RISNES OG VIDAR MORKEN .Begge tok attvalg for 1 år.

Styret fekk fullmakt til å velge to utsendingar på årsmøtet i Hordaland sau og geit. Det vart Kåre Hole og Erna Tunsberg Erstad. Atle Mariussen vart vara

10. Ny valnemd vert som følgjer ;
1. Svein Haugen (rykker opp frå 2.plassen)
 2. Arve Erstad (rykker opp frå 3. plassen)
 3. Ivar Soltveit (Etter forslag frå årsmøtet)

Deretter hadde vi matpause og så fekk vi foredrag av Inge Midtveit , spesialveterinær hjå Animalia på dyrevelferd. Han snakka mellom anna om dyrevelferd frå gard til slakteri. Dyra vert frakta lenger og lenger etterkvart som slakteria vert lagt ned og at dette har ført til auka bekymring .Men det er kanskje ikkje likevel så stor grunn til det . Vi bør nok mest fokusere på korleis dyra har det medan dei er hjå oss da det er der vi har størst påvirkning, sidan det er der dei er lengst.Dei hadde hatt prosjekt angående transportdød på sau og lam fordi dei ville finne ut kvifor det var fleire som døde vinterstid enn ellers. Han har på vår forespørsel vore så hyggeleg å sende oss foredraget på e-post slik at vi kunne få legge det ut på Radøy sau og geit si heimeside.

Til slutt snakka Edgar om forvaltningsplanen for gås . Han sa at dei er svært interresert i å få innspel frå dei som er plaga med gås. Set pris på alle innspel .

Møtet var slutt ca 22.30 Referent Erna Tunsberg Erstad

